

Musikar Jørn Simen Øverli har samla musikalsk kulturhistorie

Kart over vis

Nordmarka har romma tømmerhoggarar og godseigarar, krypskyttarar og skirennarar, budeier og Milorg-menn. Og alle finst det ein song om.

MUSIKK

Av Guri Kulås (tekst) og Ivan Tostrup (foto)

– Dette har vore ein kjempejobb, seier Jørn Simen Øverli, medan han legg ein ny cd, ei bok og fleire velbrukte markakart utover bordet.

Musikaren er kjend for å reisa ut i verda, og for å gjera nordmenn merksame på songane til sovjetiske og polske dissidentar, ikkje minst Vladimir Vysotskij. Denne gongen har han lagt ut til fots frå trappa heime på Kjelsås i Oslo og rett inn i Maridalen, til Nordmarka og Krokskogen, men oppdagartrongen er den same som før. Her, i marka, har han funne og samla folkelege kulturminne som har komme i skuggen av den urbane Oslohistoria. Det har vorte til plata og songboka «Markaviser», som blir lansert ved Maridalsvatnet i helga.

Høg og lågt

– Eg har brukt marka heile livet, men då eg for nokre år sidan vart overtalt av Maridalens venner til å presentera eit knippe markaviser i årboka deira, forstod eg at det var meir å henta her enn eg visste om. Sidan 2006 har eg snakka både med folk som enno bur og arbeider i marka og yngre slektningar av tidlegare markafolk. Eg har tråla lokalhistoriske bøker og musikkarkiv og studert kart og stadnamn.

Ikkje sidan Ludvig M. Lindeman (1812–87) skreiv ned folkeviser frå Nordmarka, har nokon gjort ein systematisk freistnad på å samla denne munnleg songtradisjonen. Visene frå Oslomarka har frå folkemusikksynsstad vorte rekna som for bynære til å representera verdifull norsk tradisjonsmusikk. Øverli nolar ikkje med å kalla innsamlingsane sine for forskingsarbeid,

FAKTA

«Markaviser»:

■ Jørn Simen Øverli er aktuell med songboka «Markaviser» (Ford forlag) og cd-en «Markaviser» (Kirkelig Kulturverksted)

saman med kvedaren Øyonn Groven Myhren og musikarane Stian Carstensen og Frode Haltli.

■ Dei held lanseringskonsert på Midtodden ved Maridalsvatnet på søndag.



men det hindrar ikkje at han har eit generøst syn på kva ei markavise er for noko.

– Utvalsprinsippa mine har vore at visene skal vera kulturhistorisk interessante og underholdande, dimed har det vorte rom for både høgt og lågt i denne samlinga. Eg har tatt med viser som er skrivne av bufaste markafolk, viser som nemner spesifikke stader i marka og viser som berre har vore sunge mykje i marka. Etter kvart har arbeidet også vorte litt personleg, med referansar til mi eiga familie tilknytting til marka.

Frå balladar til Prøysen

«Markaviser» spenner opp ei lang og mangslungen musikalsk historie, frå den europeiske mellomalderballaden «Sjugurd og trollbrura», som Lindeman fann heile tre variantar av, via presentasjon av Maridalens visediktar Ole A. Svendsen, til krigsvisa «Fagerliguttas kampsang» frå Krokskogen og fram til Kjartan Fløgstadts «Akevitt i Akerselva».

Jørn Simen Øverli er også Prøysen-kjenner, og til «Markaviser» har han funne to av Prøysens tidlegare upubliserte naturviser med motiv her ifrå. Prøysen levde store delar av livet i Nittedal, nær Nordmarka.

Mange av melodiane til markavisene er tapte, dels fordi den munnlege songtradisjonen gjekk ut på å skapa melodiar der og då, ofte komponert ut frå fleire populære tonar i samtida. Ein kunst mange meistra for to-tre generasjonar sidan. Trekkspel, eller harmonika, var instrumentet framfor noko i marka. Familien Blyverket, med bu-



SONGBOK OG CD FRÅ MARKA: Musikar Jørn Simen Øverli har samla tradisjonelle viser frå Nordmarka.

stad nord for Harestua, har halde tradisjonen levande.

Gulbranssons teikningar

Ein annan stor kunstnar som hadde ungdomstida si i Nordmarka, var teiknaren Olaf Gulbransson (1873–1958). I tillegg til ymse foto har Øverli fått bruka Gulbranssons teikna ungdomsminne som illustrasjonar til fleire av songane i boka. Mellom anna til «Øyungsvisa», der vi kan sjå teiknaren sjølv i fin stil på skøyter over Øyungen, hastande til kjærasten, som budde på den andre sida av vatnet.

– Teikningane til Gulbrans-

son tilfører visene noko, på same vis som eg har insistert på å setja tekst og notar i ei kulturhistorisk ramme, der eg presenterer diktarane og anekdotane bak visene. Dette er viktig for eit prosjekt som «Markaviser», men det er eit heilskapleg perspektiv det har vore vanskeleg å selja inn som «songbok» for norske forleggjarar, sukkar Øverli.

Patriarkat og satire

Blant det som gjer Nordmarkas historie interessant, er at området lenge var eit patriarkalsk samfunn. Dei store skogsområda har vore i eiga

til godseigaraslekta Wedel-Jarlsberg/Løvenskiold i over 360 år. Tilhøvet mellom grunneigar, husmenn, tilsette arbeidsfolk og friluftsfolk har tidvis vore konfliktfylt, men i tidlegare tider såg mange opp til baron Harald Wedel-Jarlsberg, som årleg heldt ein stor fest for undersåttane sine. Karen Nielsen på garden Sandungen var alt for fattig til å få koma i gravferda til baronen i 1898, men skreiv ei inderleg hyllingsvisemelodien «Alperosen»: «Blant undergivne rundt i hus og hytte, ditt navn var elsket og ditt åsyn kjær.

orie i Nordmarka og på Krokskogen:

emmarka



«Markaviser» blir lansert ved Maridalsvatnet i helga.

Det skjønn budskap, at du hjem fikk flytte, oss synes derfor ond og tungt og svært.»

– Same kor mykje vi måtte smila og undra over dette i dag, er det så ærleg meint, at eg ikkje greier anna enn å syngja visa i fullt alvor.

Ein heilt annan tone finn vi i den kjende «Marsjkonkurransen» («Her kommer fru Gurine Huskerud, som seira i marsjen rundt Buskerud, og alle sportens venner kjenner henne ...») av Finn Bø og Fred Gilbert frå 1934. Den einaste visa i samlinga som overlappar med Oslos revytradisjon.

– Songen, som Lalla Carlsen framførte med slikt alvor, er eigentleg ein satire over motstanden mot kvinneidrett. Tidleg på 1930-talet var heile Sør-Noreg gripen av marsjfeber, og kvinnene ville også delta, men menn, og ikkje minst bladet SportsManden, var sterkt skeptiske til slike fysiske utskjeingar for sarte fruentimmer. I realiteten var det nakne legger og duvande kvinneformer i regnvått ty som var for utfordrande for herrane, og visa gjer grundig narr av dette, ved å plukka ord frå innlegga i SportsManden.

Bakgrunnshistoriene vil truleg interessera mange av Nordmarkas trufaste brukarar. Det same vil nok Øverlis kart, der han har plotta inn stader som er direkte omtala i visene.

– Folk syng masse enno. Ikkje minst venegjengar og klubbar som brukar marka aktivt. Kommersiell popkultur dominerer også her i dag, men for meg er det absurd å skulle syngja Rihanna ved Bjørnsjøen, så dette er også eit tilskot til eit større musikalsk utval, som faktisk er knytt til terrenget folk ferdast i.

guri.kulaas@klassekampen.no

A-ha mottar St. Olavs Orden

MUSIKK



De tre medlemmene av a-ha utnevnes til ridder av første klasse av St. Olavs Orden for sin innsats i norsk musikk.

Overrekkelsen vil skje i november i år. De tre medlemmene Morten Harket, Magne Furuholmen og Pål Waaktaar Savoy mottar prisen for sin unike posisjon i norsk musikk og for sin enestående internasjonale suksess. Gruppen har solgt 35 millioner album på verdensbasis, og er det første og foreløpig eneste norske bandet som har toppet den amerikanske Billboard-listen, med låten «Take on me» fra 1985. Bandet har også mottatt åtte Spellemann-priser, i tillegg til at de ble tildelt æresprisen for 25 års innsats

RIDDERE: Magne Furuholmen, Morten Harket og Paul Waaktaar Savoy utnevnes til riddere for sin innsats i norsk musikk.

FOTO: NTB SCANPIX

under Spellemann-utdelingen i fjor.

Deres bidrag til veldedige formål og støtte til nye, norske artister er også del av bakgrunnen for tildelingen.

Det var Music Export Norway som foreslo a-ha som verdig mottaker av prisen. Den kongelige norske St. Olavs Orden tildeles som belønning for utmerkede tjenester av fedrelandet og menneskeheten.

©NTB



HL-SENTERET

SØNDAG 9. SEPTEMBER KL. 14.00

EN VETERANS SYN PÅ FORMIDLING AV KRIGSHISTORIEN

Ragnar Ulstein i samtale med direktør Guri Hjeltnes

MANDAG 10. SEPTEMBER KL. 18.30

Åpent møte i venneforeningen:

KAMPEN OM DEN LIBERALDEMOKRATISKE ARVEN.

Norge på veien fra mellomkrigstid til okkupasjon og inn i etterkrigstid.

Innledning ved professorene Odd-Bjørn Fure og Øyvind Østerud

Villa Grande, Huk Aveny 56, 0287 Oslo - www.hlsenteret.no



OFFISIELL ÅPNING AV ARNE NORDHEIM-SENTERET VED NORGES MUSIKKHØGSKOLE

Mandag 10.9. kl 20.00 i Lindemansalen

Åpning ved statsråd Kristin Halvorsen
Førsteframføring av Nordheims *Tenebrae* for bratsj og sinfonietta
Urframføring av verker av Ørjan Matre og Therese Birkelund Ulvo

Bill: kr 50,-

NORGES MUSIKKHØGSKOLE
Norwegian Academy of Music

www.nmh.no